
Saksnr: 2020/71520-3
Saksbehandlar: Vigdis Robak Bjørgo

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for samferdsel og mobilitet		12.01.2021

Strategi for berekraftig mobilitet - rammeverk

Forslag til vedtak

Hovudutval for samferdsel og mobilitet sluttar seg til rammene for arbeidet med strategi for berekraftig mobilitet slik det kjem fram i saka.

Samandrag

Skyss er frå 2020 gitt eit utvida mandat som mobilitetseining i Vestland, nærare omtala i fylkesutvalsak i januar 2020 (PS-3/2020). Det nye mandatet, samt føringar som er lagt i Utviklingsplan for Vestland og RTP-planprogram, gir behov for ein ny fagstrategi som erstattar gjeldande strategiar og føringar for kollektivtransporten gitt i Kollektivstrategi for Hordaland og RTP Sogn og Fjordane. Arbeidstitelen for denne strategien er *strategi for berekraftig mobilitet*.

Fylkesrådmannen orienterer i denne saka om rammeverket for strategi for berekraftig mobilitet, som omfattar mål, strategiske innsatsområde, og oppfølging med omsyn til handlingsplanar, måling og rapportering.

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør mobilitet og kollektiv

Målfrid Vik Sønstabø
direktør Skyss

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Skyss er frå 2020 gitt eit utvida mandat som mobilitetseining for Vestland fylke - frå å planlegge og utvikle det kapasitetssterke kollektivtilbodet, til å planlegge for kombinert mobilitet. Fylkesutvalsaka i januar 2020 (PS-3/2020) omtalar nærare kva det nye mandatet vil innebere for Skyss.

Hausten 2020 vedtok fylkestinget (PS-91/2020) regional planstrategi, Utviklingsplan for Vestland 2020-2024. Utviklingsplanen gir strategisk retning for utviklinga i fylket, og skal leggest til grunn for nye regionale planar. Arbeid med Regional Transportplan starta parallelt med planstrategien, og planprogram for RTP vart vedtatt i fylkesutvalet i september 2020 (FUV, PS-154/2020). Planprogrammet legg opp til eige temaområde for kollektiv og mobilitet, og revisjon av gjeldande kollektivstrategi for Hordaland.

Utvida mandat for Skyss, samt føringane som ligg i Utviklingsplan for Vestland og RTP-planprogram er utgangspunkt for å utarbeide ein ny fagstrategi for Skyss. Denne strategien vil byggje vidare på og erstatte gjeldande strategiar som Skyss arbeider etter - Kollektivstrategi for Hordaland og RTP Sogn og Fjordane. Arbeidstittelen for den nye strategien er *strategi for berekraftig mobilitet*, og strategien vil vere del av det vidare arbeidet med RTP for Vestland.

Fylkesrådmannen vil i denne saka orientere om rammene for arbeidet med omsyn til mål og strategiske innsatsområde, samt korleis strategien bør følgjast opp gjennom handlingsplanar, måling og rapportering.

Vedtakskompetanse

Hovudutval for samferdsel og mobilitet, jf. Delegasjonsreglementet, pkt 3. Saka er knytt til arbeid med Regional Transportplan for Vestland.

Vurderingar og verknader

Økonomi: Ikkje direkte relevant

Klima: Ikkje direkte relevant

Folkehelse: Ikkje direkte relevant

Regional planlegging: Forankra i Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 og RTP-planprogram

Føringar for strategiarbeidet

Til grunn for arbeidet med ny fagstrategi ligg vedtatt Utviklingsplan for Vestland (UTP) og planprogram for RTP. UTP har fastsett fire mål med tilhøyrande strategiar basert på FN's berekraftmål, og vil vere grunnlag for mål for berekraftig mobilitet. Viktige føringar i denne samanhengen er særleg følgjande strategiar:

Mål 1: Vestland som det leiande verdiskapingsfylket og nasjonal pådrivar for eit regionalisert og desentralisert Noreg.

1.3 Vestland skal utvikle eit framtidsetta og inkluderande arbeids og næringsliv basert på regionale fortrinn, forskning og innovasjon.

Mål 2: Klima og miljø som premiss for samfunnsutvikling

2.1 Vestland skal vere ein pådrivar for klimaomstilling og nullutslepp innan 2030

2.3 Vestland skal bidra til å nå klima- og miljømåla gjennom offentlege innkjøp

Mål 3: Lokalsamfunn som ramme for gode kvardagsliv

3.1 Vestland skal utvikle menneskevenlege og levande lokalsamfunn basert på stadeigne ressursar og kvalitetar

3.2 Bergen og dei regionale sentra skal utviklast til attraktive sentra, og fungere som ei drivkraft for utvikling i heile fylket

3.3. Vestland skal utvikle fysisk og digital infrastruktur som sikrar mobilitet og digitale tenester

Mål 4: Like moglegheiter til å delta i verdiskaping

4.1 Vestland skal fremje opne og inkluderande arenaer for deltaking i kultur, frivillig arbeid og sivilsamfunn

4.2 Vestland skal utvikle eit meir inkluderande og aldersvennleg samfunn som grunnlag for verdiskaping

4.3 Vestland skal sikre deltaking gjennom trygg oppvekst, utdanning og livslang læring

RTP-planprogrammet legg opp til ein revisjon av Kollektivstrategi for Hordaland, og at denne skal inngå som vedlegg til og del av komande RTP. Born og unge, samt andre som ikkje har tilgang på privatbil, skal i særleg grad vektleggast.

Strategi for berekraftig mobilitet

Strategi for berekraftig mobilitet vil vere det overordna styringsdokumentet for Skyss, og grunnlag for politisk styring og prioritering. Strategien skal baserast på faglege vurderingar om dagens og framtidige transportbehov og- løysingar.

Med berekraft legg ein her både omsynet til miljø, samfunn og innbyggjarane i Vestland fylke, og som handlar om korleis skape det gode kvardagslivet med like moglegheiter for mobilitet. Berekraftig mobilitet inneber at løysingane også skal ta økonomiske omsyn, i tydinga korleis ein bør nytte dei til ein kvar tid gitte ressursane for å nå måla som er satt.

Ryggrada i transporttilbodet ligg i dagens etablerte infrastruktur og kollektivnett for det kapasitetssterke kollektivtilbodet. Dagens strategiar og føringar ligg i gjeldande Kollektivstrategi for Hordaland og RTP for Sogn og Fjordane. Kollektivstrategi for Hordaland gir overordna prinsipp og føringar for utvikling av kollektivnettet, men er for lite tydeleg når det gjeld tilbodsstandard i dei ulike delane av nettverket. Det er behov for å ytterlegare konkretisere kva tilbod som bør prioriterast i ulike område og mot ulike målgrupper, samt kva rolle dei ulike transportformene skal utgjere i det samla kollektivtilbodet. Revisjon av kollektivstrategien har som formål å gi tydelegare prinsipp for tilbodsnivå og omfang/volum.

Kollektivtransporten er under stor og rask endring - frå å handle mest om å planlegge faste rutetilbod for dei kapasitetssterke transportformene, til også å dreie seg om å utvikle meir fleksible rutetilbod og nye mobilitetstenester på tvers av alle transportformer. Det skjer ei rivande utvikling knytt til ny teknologi og datadrivne løysingar. Vi får tilgang til stadig meir data, og som kan koplast på nye måtar for å oppnå nye og betre tenester. Denne utviklinga påverkar alle delar av det fylkeskommunane ansvaret for offentleg transport og utfordrar dagens forretningsmodellar. Eit samlande omgrep er digital transformasjon¹. Dei reisande forventar at tenestetilbodet held tritt med utviklinga, at tilbodet vert meir tilpassa den enkelte sine behov og i stor grad kunne påverke tenestene som vert tilbydd. Vidare inneber auka datamengder i større grad krav og forventingar om opne løysingar og deling av data. Gode samarbeidsrelasjonar med offentlege og private aktørar vert avgjerande, og krev mellom anna nytenking i måten vi innrettar transportkontraktar og samhandlar med våre tenesteleverandørar.

Arbeidet med strategi for berekraftig mobilitet er i ein tidleg fase, der ein viktig del er kunnskapsinnhenting og analysar kring utviklingstrekk og trendar med relevans for Vestland. Problemstillingane som er nemnt i avsnitta over, peikar på nokre sentrale tema som bør inngå i strategiarbeidet:

- Den reisande
- Transporttilbodet (revidert kollektivstrategi)
- Digital transformasjon
- Samarbeid og forretningsmodell

Oppfølging og rapportering

Gjeldande Kollektivstrategi for Hordaland og RTP Sogn og Fjordalane har 4-årige handlingsprogram, med årleg revisjon og rapportering. I vedtatt RTP-planprogram er det lagt opp til at revidert kollektivstrategi og andre strategiar som skal inngå i planen, ikkje skal ha eige handlingsprogram men bidra med tiltak inn til handlingsprogrammet for RTP.

Dei raske endringane og kompleksiteten i problemstillingane som her er reist krev i større grad kontinuerlege vurderingar og avklaringar kring innsatsområde og prioritering av tiltak. Andre kollektivselskap, som Ruter, gjer seg og liknande erfaringar. Det er behov for å ha ein meir

¹ [Digital transformasjon | Digitaliseringsdirektoratet \(difi.no\)](https://difi.no/)

dynamisk tilnærming, og det vert såleis ikkje lagt opp til å utarbeide egne faste handlingsprogram for den nye strategien. Den politiske involveringa og forankringa, og prosessar mot samarbeidsaktørar og andre, skjer då fortløpande og ikkje nødvendigvis etter eit fastlagt årshjul.

Skyss ser for seg følgjande ramme for politisk involvering og avgjerd:

- Strategisk innsatsområde for vidare utvikling av det kapasitetssterke tilbodet, basert på revisjon av Kollektivstrategi for Hordaland, vert utarbeidd som del av RTP. Oppfølging av dette innsatsområde skjer gjennom trafikkplanar og årlege ruteendingsprosessar (jf. FUV PS-188/2020 om årlege ruteendingsprosess og rammer for bruk av belønningmidlar)
- Nye strategiske innsatsområde og tiltak vert utarbeidd fortløpande og følgt opp gjennom egne definerte prosessar for politisk involvering, vedtak og rapportering.

Eigne KPI'ar skal konkretiserast og knytast til strategi for berekraftig mobilitet. Sentrale nøkkeltal, som reisetal, produksjon, økonomi med vidare, skal ligge lett tilgjengeleg og oppdatert i ei nettbasert løysing. Tilsvarande bør gjelde for dei fastsette KPI'ane, og samanstillast med nøkkeltal i ein fast samla oversikt.

Fylkesutvalet skal ha fast årleg rapportering om årlege ruteendringar, og bruk av belønningmidlar og andre tiltaksmidlar gjennom budsjettvedtak (jf. FUV PS-188/2020 «Årleg ruteendingsprosess og rammer for bruk av belønningmidlar»).

Fylkesrådmannen sine vurderingar

Skyss er gitt ei utvida rolle som mobilitetsaktør for Vestland, og samstundes er regional planstrategi for fylket vedtatt og arbeidet med RTP i prosess. Samla gir dette behov for å få på plass eit overordna styringsdokument for Skyss, og som gir grunnlag for politisk styring og prioritering. Eit slikt styringsdokument og rammeverket rundt, må tilpassast utviklinga og dei raske endringane som skjer innan kollektiv- og mobilitetsområdet.

Utviklingsplan for Vestland gir gode rammer for det som i denne saka er omtala som strategi for berekraftig mobilitet. Arbeidet med ny strategi er i tidleg fase, og det vil bli lagt opp til ekstern og intern involvering og forankring undervegs. Neste steg er å utarbeide mål for berekraftig mobilitet og KPI'ar, oppdatere kunnskapsgrunnlaget og konkretisere dei strategiske innsatsområda.

Handlingsprogrammet for kollektivstrategien og RTP for Sogn og Fjordane vil framleis vere gjeldande inntil nye plan- og strategidokument er vedtatt. Fylkesrådmannen vil komme tilbake med ei eiga sak til fylkestinget i mars om handlingsprogram for komande år. Gjeldande handlingsprogram 2020-2023 (FTING 9-2020) vil vere utgangspunkt for tilrådde tiltak for 2021, men med eventuelle supplerande tiltaksbehov. Årsrapport for 2020 vert og lagt fram i marstinget.